



INNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunetunet, biblioteket
Møtedato: 16.08.2017

Tid: kl.17:00

Forfall eller inhabilitet:

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til post@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00. Administrasjonen kallar inn varamedlem. Varamedlemmer møter berre etter særskild innkalling.

Innkalling med saksliste og sakspapir er gjort tilgjengeleg på heimesida www.fusa.kommune.no.

Eikelandsosen, 10.09.2017

Atle Kvåle
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
051/2017	Godkjenning av møteprotokoll
052/2017	Utkast til mandat for fellesnemda til kommunereform
053/2017	Val av medlemmer fellesnemnd

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Kommunestyret	051/2017	16.08.2017

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå møte 15.06.2017 og 22.06.2017 vert godkjent.

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Kommunestyret	048/2017	22.06.2017
Kommunestyret	052/2017	16.08.2017

Utkast til mandat for fellesnemda til kommunereform

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for diskusjon.

Kommunestyret 22.06.2017:

Handsaming:

Følgjande forslag fremja av Bjarte Samnøy, Krf, vart samrøystes vedteke:
Saka vert utsett og handsama i nytt møte.

KOM- 048/2017 Vedtak:

Saka vert utsett og handsama i nytt møte.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nedst i saka

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar:

Formannskapet fatta 15. mai følgjande vedtak i sak 031/2017: Meldingssak: kommunereform –info.

FOR- 031/2017 Vedtak:

Formannskapet tar forslag til mandat til orientering. Formannskapet utarbeider endelig forslag til mandat for fellesnemda innen mandag 19 juni. Ordføreren får i oppgave på bakgrunn av intensjonsavtalen mellom kommunene, behandling av sak 9 i styringsgruppa 24 april 2017, forslag til mandat til styringsgruppen fra 13 mai 2016 og oppgavene som følger av paragraf 26 i inndelingslova og gi en saksutgreing som grunnlag til mandat.

Etter at dette vedtaket vart fatta, har styringsgruppa for kommunereform hatt mandatet til handsaming. Utkast til mandat etter møtet i styringsgruppa følgjer som vedlegg til saka.

Det har og kome ny kunnskap til sidan dette vedtaket vart fatta. Mellom anna var det felles kommunestyremøte med Os i Oseana den 15. juni. Der var det innlegg frå ordførar i Rissa kommune Ove Vollan om arbeidet med samanslåing mellom Rissa og Leksvik kommunar og frå seniorrådgjevar og dagleg leiar i KS-Konsulent Åsbjørn Vetti om råd om mellom anna tilsetjing av prosjektleiar/ny rådmann og prosessen vidare i kommunesamanslåinga. Deira innlegg følgjer som vedlegg.

Det felles kommunestyremøtet kom som eit resultat av kunnskapen som har kome fram i KS og Kommunaldepartementet sine seminar om kommunesamanslåingar. Ordførarane i begge kommunar ønskte at kunnskap som vart formidla der kjem begge kommunestyra til gode.

Informasjon og lenkjer frå KS

KS er kommunesektoren sin organisasjon. Alle norske kommunar og fylkeskommunar er medlemmer, med unntak av Oslo.

Seminar, samlingar og nettverk

I arbeidet med kommune- og regionreforma, har KS planlagt og gjennomført fleire nyttige arrangement og møteplassar. Ein viktig del av dette arbeidet har skjedd i samarbeid med KMD og dei 4 hovudsamanslutningane retta mot utviklingsarbeid i kommunane.

<http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/kommunereformen/ks-tilbud-til-kommunene/>

Hensikta med seminara har vore kunnskapsdeling, erfaringsutveksling og rom for arbeid i eigen samanslåingsprosess. Målet har vore å bidra til gode prosesser i bygginga av nye kommunar, som sikrar involvering og medverknad.

Her er lenkjer til artiklar med alle innleiingar og presentasjonar frå seminara;

[Oppstartseminar - å bygge en ny kommune](#)

- 31.oktober -1.november, Gardermoen
- Her deltok kst. rådmann Elisabeth Farstad og HTV Delta Linda Ann Lohne frå Fusa

[Arbeidsgiveransvar i omstillingsprosesser - og hvordan bygge felles kultur og identitet](#)

- 23. - 24. januar, Trondheim / Værnes
- 25. - 26. januar, Oslo / Gardermoen
- Her deltok ordførar Atle Kvåle, hovudverneombod Hildegunn Austestad, kst. rådmann Elisabeth Farstad og HTV Delta Linda Ann Lohne frå Fusa

[Eierskap, interkommunalt samarbeid og offentlige anskaffelser ved kommunesammenslåinger](#)

- 21. mars, Oslo / Gardermoen
- Her deltok ingen frå Fusa

[Mål og visjoner for ny kommune - og gevinstrealisering i praksis](#)

- 24. - 25. april Lillestrøm
- 26. - 27. april Bergen / Flesland
- Her deltok heile styringsgruppa frå Fusa, pluss dei hovudtillitsvalte som hadde høve: Her deltok ordførar Atle Kvåle, Aud May Boge, H, Svein Lang, Sp, kst. rådmann Elisabeth Farstad, HTV Fagforbundet Siw-Ingrid Kaland, HTV Utdanningsforbundet Svanhild Håland Riise og HTV Delta Linda Ann Lohne. Sistnemnde sit og i styringsgruppa for kommunereforma.

Målgruppe for tilbudet har vore folkevalde, representantar blant toppleiinga og hovudtillitsvalde, hovudverneombod, samt prosjektleiarar for samanslåingsprosessen der desse var på plass.

På KS vert fokus no retta mot kommunereforma som ei demokratireform:

<http://www.ks.no/>

Kommunereforma og juridiske aspektar

<http://www.ks.no/globalassets/regionene/ks-agder/presentasjoner/radmenn/kommunereformen-og-juridiske-aspekter.pdf>

Utdrag og lenkjer frå KS:

«For kommuner og fylkeskommuner som har fattet vedtak om sammenslåing har KS samlet en oversikt over nyttige verktøy og materiell innen områder som lokaldemokrati, økonomi, arbeidsgiverspørsmål, innovasjon og digitale løsninger:

<http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/kommunereformen/tilbud-og-verktoy/>

Informasjon og lenkjer frå regjeringa

På regjeringen.no er det oppdatert informasjon om planlegging og gjennomføring av

kommunereforma:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/id751048>

Å byggja nytt

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Verktoy/id2001824/>

Her er informasjon og lenker til rettleiarar og nettstader m.a.:

«Departementet har oppdatert og slått sammen to tidligere veiledere; formelle rammer og erfaringer med sammenslåing. Råd og tips basert på erfaringer fra tidligere sammenslåinger er hentet fra evalueringer av kommunesammenslåinger»

https://www.regjeringen.no/contentassets/29245efc89e440d88f0fd173b0dbc0d1/etablering_a_v_nye_kommuner_og_fylkeskommuner_publicering.pdf

**Fusa og Os har planlagt eit nytt felles kommunestyremøte august 2017:
Kva som i alle fall må vera på agendaen/til drøfting då, følgjer av inndelingslova:**

Utdrag frå inndelingslova § 25 og § 26 :

§ 25. Felles kommunestyre- eller fylkestingsmøte

På slike fellesmøte skal følgjande saker drøftast:

- a) forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket
- b) talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget
- c) kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova
- d) val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- e) oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

§ 26. Fellesnemnd

Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga eller delinga. Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune eller fylkeskommune. Fellesnemnda blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret eller fylkestinget. Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarande.

Kommunane eller fylkeskommunane kan også opprette eit felles partssamansett utval etter kommunelova § 25 for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette.

Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med

budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.

Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga. Kvar av kommunane eller fylkeskommunane kan be departementet om å ta avgjerd i slike spørsmål dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.

I rundskriv til inndelingslova – oppdatert pr. april 2017 – er det kommentarar til inndelingslova:

https://www.regjeringen.no/contentassets/ce1dea959c58453f8cceb596bcb1aaa0/rundskriv_til_inndelingslova_oppdatering_2017-.pdf

Sjå særleg punkt 5. Om gjennomføringsfasen side 37 – 45

Utdrag av rundskrivet følgjer nedanfor:

«5.3.2 Funksjonane til fellesnemnda

Fellesnemnda skal fungere som organ i perioden frå det er gjort vedtak om samanslåing og fram til samanslåinga blir sett i verk, i praksis frå eitt til to år. Departementet peika i Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) på at det ikkje er ønskjeleg å gi for mange og detaljerte lovreglar om samansetjing, funksjon og arbeidsoppgåver. Slike spørsmål bør drøftast og avgjerast av kommunane/fylkeskommunane sjølve.»

Fellesnemnda skal oppnemnst blant kommunestyret sine medlemmer.

«Etter § 26 første ledd skal medlemmene i fellesnemnda veljast av og blant medlemmane i kommunestyra eller fylkestinga. Dermed er nemnda knytt tett til dei ansvarlege organ i kvar einskilde kommune.»

Varamedlemer i fellesnemnda må vera medlem eller varamedlem i kommunestyret

«Formuleringa i forarbeida om at nemnda bør være tett knytt til dei ansvarlege organ i kvar enkelt kommune, bør også ha vekt ved val av varamedlemmer til fellesnemndas. Det kan derfor ikkje veljast varamedlemmer til fellesnemnda som ikkje er medlem eller varamedlem i kommunestyret.»

Reglane om balanse mellom menn og kvinner gjeld for val av fellesnemnda sine medlemmer i den enkelte kommune. Jf. valreglane i kommunelova.

«Det følgjer av § 26 første ledd siste punktum at reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalte organ elles gjeld tilsvarande ved samansetjing av fellesnemnda. Kommunelova har reglar om balanse mellom talet på kvinner og menn i folkevalte organ. Dette kravet knyter seg ikkje til den totale samansetjinga av fellesnemnda, men kravet knyter seg til val av fellesnemnd i den einskilde kommunen. Så lenge kommunane følgjer valreglane i kommunelova, vil fellesnemnda ikkje vere ulovleg samansett sjølv om ikkje begge kjønna er representert med minst 40 prosent.»

Det skal vera minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune. Nemnda vel sjølv leiaren og nestleiaren i nemnda.

Administrasjonsutval (partssamansett utval)

«Etter § 26 andre ledd kan kommunane eller fylkeskommunane også opprette eit felles partssamansett utval etter kommunelova § 25 for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette. Det følgjer av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) at det vil kunne vere behov for eit partsamansett utval allereie tidleg i prosessen. Etter § 26 tredje ledd skal fellesnemnda ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet første driftsåret etter samanslåinga eller delinga som er sett i verk. Etter § 26 tredje ledd andre punktum skal nemnda i sin verkeperiode gi fråsegn.»

Oppgåver og fullmakter til fellesnemnda vert fastsett av kommunane.

«Det er opp til kommunane eller fylkeskommunane sjølve å bli samde om kva oppgåver og fullmakter fellesnemnda skal ha i tillegg til dei som er gitte i lova, jf. § 26 fjerde ledd første punktum. Lovforarbeida uttaler at det ikkje bør gå for lang tid før den nye kommunen er operativ. Kommunestyra eller fylkestinga bør og ta stilling til omfanget av budsjett til fellesnemnda og i kva grad nemnda skal kunne inngå avtalar på vegner av den nye kommunen. Det kan vere praktisk at fellesnemnda førebur og inngår avtalar om leige av kontorlokale, innkjøp av utstyr med vidare.

Om kommunane ikkje greier å kome til semje om kva reglementet for fellesnemnda skal innehalde, kan kvar av partane bringe saka inn for departementet til avgjerd, jf. § 26 fjerde ledd andre punktum.»

Fusa kommune si side om kommunereforma

Fusa kommune har heilt sidan oppstart av kommunereformarbeidet informert grundig om arbeidet med kommunereforma.

<https://www.fusa.kommune.no/lokaldemokrati/kommunereforma/>

Etter at vedtaket om samanslåing vart fatta, er det oppretta ei side som viser innkalling til og referat frå møta i styringsgruppa.

<https://www.fusa.kommune.no/styringsgruppe-for-kommunesamanslaing-2016-2017.90356.aspx>

Mandatet til styringsgruppa vart vedtatt i kommunestyret i sak 074/2016 13. oktober 2016:

KOM- 074/2016 Vedtak:

Fusa kommunestyre vedtar at det vert sett ned ei styringsgruppe som skal arbeida vidare med Kommunereforma for kommunane Fusa og Os fram til fellesnemnaren er vald hausten 2017. Styringsgruppa skal ha fylgjande samansetting frå Fusa: Ordførar Atle Kvåle Svein Lang SP Aud May Boge H Rådmann Elisabeth Farstad Tillitsvald Linda A. Lohne Styringsgruppa sitt mandat er å starta dei nødvendige prosessar fram mot etablering av ei fellesnemnaren i 2017. I tillegg er det hensiktsmessig at styringsgruppa startar eit arbeid knytt til nøkkelfunksjoner for samanslåingsprosessen.

Namn på ny kommune - namnekonkurranse; sjå www.fusa.kommune.no

I tillegg har saka vore på dagsorden i kommunestyret sist:

16.02.2017 – [sak 18.](#)

Informasjon/døme på korleis andre kommunar har planlagt/gjennomført prosjektet, innhald i reglement, m.m.

Det følgjer av inndelingslova jf. informasjon ovanfor også i lenkjer og vedlegg, at det i stor grad er opp til den enkelte kommune så lenge ein held seg innanfor § 25 og § 26 i

inndelingslova:

«Å gjennomføre en kommune- eller fylkessammenslåing er et omfattende og komplekst prosjekt som krever god politisk og administrativ ledelse.»

Lenker til andre kommunar

<http://nyelarvik.no/wp-content/uploads/2017/05/Hovedmal-for-hele-prosjektet.pdf>

[Organisasjon – Nye Larvik](#)

[http://www.stavanger.kommune.no/Documents/Kommunereform/Notat_reglement%20for%20Fellesnemnda%20\(002\).pdf](http://www.stavanger.kommune.no/Documents/Kommunereform/Notat_reglement%20for%20Fellesnemnda%20(002).pdf)

Vurdering:

Med tanke på kompleksiteten i oppdraget Fusa kommune står overfor, er det vanskeleg for rådmannen no å komma med ytterlegare informasjon utover det som kjend gjennom informasjonen ovanfor.

Det er likevel kome fram viktig kunnskap til refleksjon og drøfting i formannskap og kommunestyret. Sjå under faktadelen i saksutgreiinga.

Fusa har i tillegg hatt ekstra merksemd rette mot at enda fleire får felles kunnskapsgrunnlag og vert involvert: Ungdomsrådet, senior- og funksjonsrådet, hovudverneombodet og HTV vart også invitert til å delta på felles kommunestyremøte. Ein legg då til rette for enda betre involvering i den vidare prosessen.

Eit viktig moment i innlegga på Oseana var korleis ein kan sikra god og reell involvering av råda, andre politikarar, arbeidstakarorganisasjonane og tilsette I tillegg kjem innbyggjarfokus. I så måte er det viktig å sikra nok tid frå utsending av saksdokument til at politikarane kan involvera andre politikarar og tillitsvalde sine medlemmer. Andre kloke grep kan vera å bruka referansegrupper.

Som informert om i formannskapet 31.05.2017 og fokusert på av foredragshaldarar på fellesmøtet:

- Å få på plass ei prosjektorganisering, m.a. rekruttera inn prosjektleiar, m.m. er vist til i rettleiarane m.a. frå KS som viktig å avklara. (jf. også kommunestyrevedtak).
- Rekruttering av rådmann m.m. er ei anna oppgåve. Her vil administrasjonen vera inhabil til å gjera vurderingar, så ein må arbeida politisk og dra nytte av annan fagkompetanse til å vurdera, slik også KS-konsulenten gjorde greie for.

Det står att å fatta vedtak om fleire viktige saker, mellom anna budsjett for prosjektet, prosjektplan og milepælsplanar.

Til refleksjon og drøfting

Med utgangspunkt i informasjon m.a. frå felles kommunestyremøte, vil rådmannen invitera kommunestyret til refleksjon og drøfting kring følgjande spørsmål:

Er det grunnlag for å endra talet medlemmer i fellesnemnda? Kva er fordeler og ulemper ved det? Kva kan vera kompensierende tiltak dersom ein vel å ha ei fellesnemnd som med av 10 medlemmer (5 frå kva kommune)?

Korleis løysa usemje? Kan mindretalet anke? Til kommunestyra? Dersom ein då ikkje vert samde og det er eit viktig spørsmål er det departementet som tek avgjerd.

Kva skal utgreiast?

Utover det som er teke fram til refleksjon og drøfting, er rådmannen usikker på kva som ligg i oppdraget frå formannskapet 15. mai 2017 og ber om ei meir presis bestilling på kva som skal utgreiast.

Skal formannskapet gje premissane vidare, eller kommunestyret? Eller er det styringsgruppa som har fullmaktene? Kommunestyret som overordna organ må gje føringane korleis dei evt. skal involverast i før felles kommunestyremøte i august og kva rolle det meiner formannskapet skal ha i prosessen.

I utgangspunktet, slik rådmannen oppfattar oppdraget til styringsgruppa for kommunereforma, er det i styringsgruppa arbeidet med kommunereforma skal skje.

Den viktigaste oppgåva for styringsgruppa fram til det felles kommunestyremøtet 24. august, er å førebu og diskutera mandatet til fellesnemnda og eventuelt samansetninga av fellesnemnda.

Ordføraren er beden om å setja opp sak om oppnemning av Fusa kommune sine representantar til fellesnemnda i juni. Kommunestyret må ta stilling kva rolle desse skal ha opp mot styringsgruppa. Rådmannen si forståing er førebels at fellesnemnda sine representantar saman med styringsgruppa vil ta dette arbeidet vidare.

Vedlegg:

Utkast mandat fellesnemnda per 290517

1355296

12.06.2017

Utkast mandat for fellesnemnda etter handsaming i styringsgruppa 29. mai

Handsaming:

Styringsgruppe gjekk gjennom framlegget til mandat punkt for punkt og gjorde følgjande endringar (markert i raudt):

- 1) Fellesnemnda skal planlegge og førebu iverksetjing av samanslåinga fram til nytt kommunestyre i den nye kommunen er konstituert. Fellesnemnda skal gå gjennom og vurdere alle prinsipielle forhold i samanslåingsprosessen. Fellesnemnda vedtar Reglement for vidaredelegering.
- 2) Fellesnemnda kan inngå avtalar på vegne av den nye kommunen
- 3) Fellesnemnda behandlar og vedtar politisk organisering i den nye kommunen samt reglement for dei nye politiske organa og arbeidsvilkåra for dei folkevalde
- 4) Fellesnemnda skal utarbeide mandat for prosjektansvarleg/ny rådmann i den nye kommunen og sette i verk tilsetting av denne
- 5) Fellesnemnda behandlar og vedtar prosjektansvarleg/ny rådmann si innstilling til hovudmodell for administrativ organisering
- 6) Fellesnemnda skal sørge for at reglar og avtalar om tilsette og tillitsvalde sin medverknad ved samanslåinga blir ivaretatt
- 7) Medlemmar i fellesnemnda er arbeidsgjevaren sine representantar i det partssamansette utvalet for samanslåingsprosessen
- 8) Fellesnemnda vedtar revisjonsordning for den nye kommunen etter innstilling frå kontrollutvala i dei to kommunane
- 9) Kommunane har i perioden fram til 1.1.2020 ansvar for si ordinære drift, men spørsmål som har vesentlege økonomiske og arealpolitiske konsekvensar for den nye kommunen skal drøftast i fellesnemnda. Fellesnemnda kan uttale seg om saker som er til behandling i folkevalde organ i dei to kommunane når sakene blir vurdert å vere viktige for den nye kommunen
- 10) Fellesnemnda skal førebu budsjett for 2020 og økonomiplan 2020 – 2023. Viktig å presisere at det er det nye formannskapet som skal gje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret
- 11) Fellesnemnda disponerer eingongstilskot og reformstøtte frå staten i samband med kommunesamanslåinga. Fellesnemnda skal vedta budsjett for samanslåingsprosessen innanfor ramma av dei statlege løyvingane
- 12) Fellesnemnda skal oppnå konsensus i alle avgjerder. Forhold som ein vurderer det er naudsynt å ta stilling til, blir avgjort ved alminneleg fleirtal.

- 13) Fellesnemnda skal halde kommunestyra i dei to kommunane orientert om nemnda sitt arbeid
- 14) Delegering. Fellesnemnda kan delegere til politiske underutval og/eller administrativ styringsgruppe å fatte vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter
- 15) Saksførebuing. Administrativ styringsgruppe førebur saker til fellesnemnda. Prosjektansvarleg/ny rådmann innstiller saker til fellesnemnda. Rådmennene i dei to kommunane har møte- og talerett i fellesnemnda

Administrasjonane sjekkar ut kva inndelingslova krev og KS tilrår om fleirtalsvedtak i fellesnemnda for presisering i nytt pkt 12, og dette punktet er førebels ikkje vedtatt. Når det gjeld nytt pkt 10, er siste frist for å vedta budsjett for den nye kommunen 1. februar. Det betyr at det nye formannskapet kan lage innstilling til det nye kommunestyret i januar 2020.

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Kommunestyret	049/2017	22.06.2017
Kommunestyret	053/2017	16.08.2017

Val av medlemmer fellesnemnd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming.

Kommunestyret 22.06.2017:

Handsaming:

Følgjande forslag fremja av Svein Lang, Sp, vart samrøystes vedteke:
Saka vert utsett og handsama i nytt møte.

KOM- 049/2017 Vedtak:

Saka vert utsett og handsama i nytt møte.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Informasjon om val av fellesnemnd i sak til kommunestyret 22.06.2017 og til og på felles kommunestyremøte 15.06.2017

Rundskriv H- 12/15 på kommunal- og regionaldepartementet [si heimeside](#); direkte lenkje til dokumentet [her](#). Utdrag frå rundskrivet følgjer i saksutgreiinga

Faktiske opplysningar:

«Fellesnemnda blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret eller fylkestinget. Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarande.»

Ordføraren er beden om å setja opp sak om oppnemning av Fusa kommune sine representantar til fellesnemnda i juni.

Sidan fellesnemnda – på same måte som formannskapet - blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret er utdrag frå sak nr 47/15 om val av formannskap 22.10. 2015 teke inn til slutt i saka.

Det vert vist til m.a. felles kommunestyremøte 15.06.2017 og saka **Val av medlemmer fellesnemnd** til kommunestyret 22.06.2017

Utdrag frå sistnemnde sak:

§ 26. Fellesnemnd

Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga eller delinga. Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune eller fylkeskommune. Fellesnemnda blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret eller fylkestinget. Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarande.

Kommunane eller fylkeskommunane kan også opprette eit felles partssamansett utval etter kommunelova § 25 for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette.

Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.

Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga. Kvar av kommunane eller

fylkeskommunane kan be departementet om å ta avgjerd i slike spørsmål dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.

I rundskriv til inndelingslova – oppdatert pr april 2017 – er det kommentarar til inndelingslova:

https://www.regjeringen.no/contentassets/ce1dea959c58453f8cceb596bcb1aaa0/rundskriv_til_inndelingslova_oppdatering_2017-.pdf

Sjå særleg punkt 5. Om gjennomføringsfasen side 37 – 45

Utdrag av rundskrivet følgjer nedanfor:

«5.3.2 Funksjonane til fellesnemnda

Fellesnemnda skal fungere som organ i perioden frå det er gjort vedtak om samanslåing og fram til samanslåinga blir sett i verk, i praksis frå eitt til to år. Departementet peika i Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) på at det ikkje er ønskjeleg å gi for mange og detaljerte lovreglar om samansetjing, funksjon og arbeidsoppgåver. Slike spørsmål bør drøftast og avgjerast av kommunane/fylkeskommunane sjølve.»

Fellesnemnda skal oppnemnst blant kommunestyret sine medlemmer.

«Etter § 26 første ledd skal medlemmene i fellesnemnda veljast av og blant medlemmane i kommunestyra eller fylkestinga. Dermed er nemnda knytt tett til dei ansvarlege organ i kvar einskilde kommune.»

Varamedlemer i fellesnemnda må vera medlem eller varamedlem i kommunestyret

«Formuleringa i forarbeida om at nemnda bør være tett knytt til dei ansvarlege organ i kvar enkelt kommune, bør også ha vekt ved val av varamedlemmer til fellesnemndas. Det kan derfor ikkje veljast varamedlemmer til fellesnemnda som ikkje er medlem eller varamedlem i kommunestyret.»

Reglane om balanse mellom menn og kvinner gjeld for val av fellesnemnda sine medlemmer i den enkelte kommune. Jf. valreglane i kommunelova.

«Det følgjer av § 26 første ledd siste punktum at reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalte organ elles gjeld tilsvarande ved samansetjing av fellesnemnda. Kommunelova har reglar om balanse mellom talet på kvinner og menn i folkevalte organ. Dette kravet knyter seg ikkje til den totale samansetjinga av fellesnemnda, men kravet knyter seg til val av fellesnemnd i den einskilde kommunen. Så lenge kommunane følgjer valreglane i kommunelova, vil fellesnemnda ikkje vere ulovleg samansett sjølv om ikkje begge kjønna er representert med minst 40 prosent.»

Det skal vera minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune. Nemnda vel sjølv leiaren og nestleiaren i nemnda. «

Utdrag frå sak nr 47/15 om val av formannskap 22.10. 2015:

«I Rundskriv H- 12/15 har departementet omtala regelverket for "Valg av formannskap/ fylkesutval, kommuneråd/fylkesråd, ordfører/fylkesordfører, varaordfører, m.m. »

Dokumentet er lagt ut på kommunal- og regionaldepartementet [si heimeside](#); direkte lenkje til dokumentet [her](#). Utdrag frå rundskrivet følgjer nedanfor:

«2.1. Aktuelle lovreglar

Kommunelova § 8 nr. 1 inneheld regler om medlemstal i formannskapet/fylkesutvalet. Kven som er utelukka frå val, og kven som kan krevje seg fritatt, går fram av § 14. Lova § 8 nr. 2 fastset at valet skal haldast som forholdstalsval når minst eitt medlem krev det, og elles som avtaleval. Føresegnene om gjennomføringa av valet er tatt inn i kommunelova §§ 36 – 37 (forholdstalsval) og § 38a (avtaleval).

1. Valtidspunkt

Val av formannskap/fylkesutval skal skje i kommunestyret/fylkestinget sitt *konstituerande* møte, som skal haldast innan utgangen av oktober månad, jf. kommunelova § 17 nr. 1 og 2. Vallova § 13-4 (1) fastset at det nyvalde kommunestyret/fylkestinget avgjer om valet er gyldig. Kommunelova § 17 nr. 2 slår fast at kommunestyret/fylkestinget som første sak i det konstituerande møtet skal ta stilling til om valet er gyldig. Dersom kommunen har halde direkte val til kommunedelsutval, avgjer kommunestyret òg om dette valet er gyldig før det blir gjort andre val.

2. Kven er valbare?

Det er berre dei *faste* medlemmene i kommunestyret/fylkestinget som kan veljast til formannskapet/fylkesutvalet, jf. kommunelova § 8 nr. 1. Varamedlemmene er ikkje valbare.

3. Kven kan krevje seg fritatt?

Følgjande personar kan krevje seg fritatt frå val til formannskapet/fylkesutvalet, jf. kommunelova § 14 nr. 1 bokstav c:

Personar som har gjort teneste som medlem av vedkomande organ dei siste fire åra.

Føresegna må bli forstått slik at varamedlem som har rykt opp som fast medlem av formannskap/fylkesutval i løpet av valperioden, ikkje kan krevje seg fritatt.

Personar som er medlem av eit parti som er registrert etter partilova kapittel 5, dersom listeframlegget ikkje er satt fram av dette partiet.

Kommunelova § 36 nr. 3 pålegg det partiet eller den grupperinga som set fram

listeframlegget å innhente samtykke frå kandidatar som kan krevje seg fritatt frå val.

Departementet antar at ein kandidat kan krevje fritak *etter* valet, dersom vedkomande ikkje har gitt eit slikt samtykke som fastsett i § 36 nr. 3.

4. Forholdstalsval

- stryke kandidatnamn
- endre rekkefølga på kandidatane

Valet skal haldast som forholdstalsval når det blir kravd av minst ein medlem, jf. kommunelova § 8 nr. 2. Føresegner om forholdstalsval finn ein i kommunelova §§ 36 (listeframlegg) og 37 (valoppgjær).

Innlevering av listeframlegg

Valet skjer på grunnlag av lister med framlegg til kandidatar, jf. kommunelova § 36 nr. 1. Lova set ingen frist for innlevering av listeframlegg. Dette inneber at listeframlegg kan leggjast fram heilt til det tidspunkt møteleiaren seier ifrå at ein skal gå til røysting.

Det er berre dei *partia* eller *grupperingane* som er representerte i det *veljande organet* (kommunestyret/fylkestinget) som har rett til å stille liste. Eit parti eller ei gruppering kan berre levere inn *eitt* listeframlegg. Dersom det blir sett fram to ulike listeframlegg som begge inneheld kandidatar frå same parti/gruppering, kan berre eitt av dei bli godkjent. Det er det einssilde parti/den einssilde grupperinga som sjølv må ta stilling til kva for eit framlegg som skal gjelde. Ved intern usemje vil det vere det alternativet som får størst oppslutning i partiet/gruppa som blir partiet/gruppa sitt offisielle listeframlegg. I utgangspunktet har alle representantar som er valde inn på lista, rett til å ta del i avgjerda om korleis partiet/grupperinga sitt listeframlegg skal se ut. Personar som har meldt seg ut av partiet eller som er blitt ekskludert, vil likevel ikkje ha rett til å ta del i denne prosessen. Medlemmer av organet som ikkje lenger representerer eit parti eller ei gruppering, vil i høve til desse føresegnene må bli sett på som ei ny gruppering (eventuelt fleire grupperingar), og kan difor stille eigne listeframlegg. Kandidatar frå eit parti eller ei gruppering kan berre bli ført opp på listeframlegg som blir levert inn av dette partiet eller denne grupperinga, eventuelt på ei fellesliste som blir levert inn av fleire parti eller grupperingar.

Overskrift

Kommunelova inneheld ikkje noko krav om overskrift på listeframlegget. Etter departementet si oppfatning *bør* likevel lista ha ei overskrift som viser kva for gruppering(ar) som står bak framlegget.

Talet på kandidatnamn

Kvar liste kan innehalde inntil dobbelt så mange *forskjellige* namn som det skal veljast medlemmer til organet. Dette inneber at det ikkje er høve til å kumulere kandidatar.

Kjønnsmessig representasjon

Kommunelova § 36 nr. 2 fastset følgjande krav til listeframlegga når det gjeld fordeling av kvinner og menn:

Skal det veljast *to eller tre medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert på den einssilde liste. Skal det velges *fire eller fem medlemmer*, skal *hvert kjønn* være representert *med minst to*. Skal det veljast *seks til åtte medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert *med minst tre*. Skal det veljast *ni medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst fire*. Skal det veljast *fleire enn ni medlemmer*, skal *kvart kjønn* vere representert med *minst 40 prosent*.

Ved val til folkevalde organ som etter lov berre består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved val av arbeidsutval for folkevalde organ, skal desse reglane følgjast så langt det er mogeleg.

Formannskapet/fylkesutvalet skal bestå av minimum fem medlemmer. Det vil vere talet på medlemmene i det einssilde organ som avgjer kor mange representantar frå kvart kjønn som skal førast opp på listeframlegga. Ved val av formannskap og fylkesutval, som *etter lov* berre skal bestå av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, skal reglane om kjønnsmessig representasjon følgjast *så langt det er mogeleg*. Kravet til kjønnsmessig representasjon på listeframlegga gjeld soleis *ikkje* absolutt ved val til formannskap og fylkesutval. Dei som set fram listeframlegga plikter likevel å oppfylle kravet om kjønnsrepresentasjon så langt det er mogeleg også ved desse vala.

Krava i lova om at begge kjønn skal vere representert gjeld i dei tilfella der det finst både

mannlege og kvinnelege kandidatar. Dersom det skal veljast 7 medlemmer, må listeforslaget innehalde minst 3 menn og 3 kvinner blant kandidatane. Dette vil ikkje vere mogeleg dersom partiet/gruppa består av 8 menn og 2 kvinner. I og med at føresegna skal følgjast så langt det er mogeleg, vil listeframlegget måtte innehalde 5 menn og 2 kvinner.

Det er ikke fastsett krav til plassering av kandidatane på lista. Eventuell *kvotering* finn stad ved valoppgjeret etter føresegnene i kommunelova § 37 nr. 3.

Sjå vidare om kjønnsmessig representasjon under pkt. 1.7 om val av varamedlemmer og utskifting av medlemmer i formannskap/fylkesutval i løpet av valperioden.

Underskrift på listeframlegg

Listeframlegget skal vere underskrive av minst ein medlem av det partiet eller den grupperinga som står bak listeframlegget. Ved ei felleliste må listeframlegget vere underskrive av minst éin representant for kvart parti/kvar gruppering som står bak listeframlegget. Den eller dei som skriv under må vere medlem av det veljande organet. Det er berre høve til å skrive under på eitt listeframlegg, og ingen kan vere kandidat på meir enn éi liste.

Møteleiaren sin funksjon - godkjenning av listene

Departementet meiner at møteleiaren uoppfordra bør informere om dei føresegnene som gjeld for valet. Dersom eit medlem av forsamlinga ber om at det blir gitt slik informasjon, har møteleiaren plikt til å etterkome oppmodinga. Departementet meiner dette må følgje av dei vanlege prinsippa for møteleiing.

Møteleiaren har ansvaret for at listene er i samsvar med lova og skal gjere dei som står bak framlegga oppmerksame på eventuelle manglar ved framlegga. Blir desse ikkje retta, må ein avvise framlegget. Dersom nokon reiser protest mot avgjerdene til møteleiaren, skal forsamlinga avgjere spørsmålet med alminneleg fleirtal.

Røystinga

Røystinga skal skje skriftleg og med bruk av røystesetlar. Det er høve til å røyste blankt, jf. kommunelova § 40 nr. 2.

Ein kan gjere følgjande endringar på røystesetlane:

- stryke kandidatnamn
- endre rekkefølga på kandidatane

Det er ikkje høve til å føre opp kandidatar frå andre lister. Det er heller ikkje høve til å føre opp kandidatar som ikkje står på noko listeframlegg, jf. kommunelova § 37 nr. 2 siste ledd. Det fører likevel ikkje til at det er ugyldig. Ein ser berre bort frå desse namna ved oppteljinga.

Valoppgjjer

Valoppgjjeret blir gjort av av den veljande forsamlinga. Det vil seie av kommunestyret ved val av formannskapet og av fylkestinget ved val av fylkesutvalet, etter føresegnene i kommunelova § 37.

Oppteljing

Oppteljinga går føre seg ved at ein registrerer kor mange røyster (røystesetlar, ikkje listerøyster) den einskilde lista har fått.

Mandatberekning

Mandatberekninga går føre seg på denne måten:

Ein skal dividere røystetala for kvar liste med delingstala 1, 2, 3, 4, 5 osv. (den såkalla d'Hondts metode). Representantplassane blir deretter fordelt til dei listene som har dei

største kvotientane. Har fleire lister same kvotient, går plassen til den lista som har det største røystetalet. Har fleire lister det same røystetalet, blir valet avgjort ved loddtrekking. Ein må gjere så mange divisjonar at ein er sikker på at ein har funne fram til dei største kvotientane. Nokre døme på valoppgjær er tatt inn som vedlegg II til rundskrivet.

Kandidatkåring

Føresegnene om kandidatåringa er tatt inn i kommunelova § 37 nr. 2 og går føre seg slik:

Når det er avgjort kor mange representantplassar ei liste vil få, skal ein foreta ei ny røysteoppteljing for *kandidatane* på lista. Først tel ein dei namna som står som nr. 1 på røystesetlane. Den kandidaten som får flest røyster ved denne oppteljinga er vald. Skal lista ha meir enn ein plass, tel ein deretter opp dei namna som står som nr. 2 på røystesetlane. Den kandidaten er vald som får flest røyster ved dei to oppteljingane, når ein ser bort frå den allereie valde. På same måten held ein fram til alle plassar lista skal ha, er fordelt, med dei modifikasjonane som følgjer av føresegnene om kjønnsmessig representasjon og kvotering i § 37 nr. 3, sjå nedanfor. Dersom fleire kandidatar har fått like mange røyster, er den vald som står først i rekkjefølgja på lista.

Så langt det er mogeleg, skal kvar liste bli tildelt så mange varamedlemmer som ho får medlemmer, med tillegg av to, jf. § 37 nr. 4. Varamedlemsplassane blir fordelte ved at ein held fram oppteljinga på same måten som for medlemmene.

Kjønnsmessig representasjon

Det følgjer av føresegnene om kjønnskvaltering i § 37 nr. 3, jf. § 36 nr. 2, at ein må foreta kjønnskvaltering dersom krava i lova ikkje er oppfylde. Ein må her sjå på den gruppa den *einskilde lista har fått vald inn, og ikkje på organet samla*. Dette inneber følgjande:

Har lista fått *to eller tre medlemmer*, skal *kvalt kjønn* vere representert. Har lista fått *fire eller fem medlemmer*, skal *kvalt kjønn* vere representert med *minst to*. Har lista fått *seks til åtte*

medlemmer, skal *kvalt kjønn* vere representert med *minst tre*. Har lista fått *ni medlemmer*, skal *kvalt kjønn* vere representert med *minst fire*, og har lista fått *fleire enn ni medlemmer*, skal *kvalt kjønn* vere representert med *minst 40 prosent*.

Sidan formannskapet/fylkesutvalet berre skal bestå av medlemmer frå kommunestyre eller fylkesting, skal desse føresegnene følgjast så langt det er mogeleg.

Dersom det står kandidatar frå det underrepresenterte kjønn lenger ned på lista, skal desse

rykke opp i det omfang det er naudsynt for å tilfredsstille krava til kjønnsmessig balanse.

5. Avtaleval

Dersom formannskap/fylkesutval ikkje veljast ved forholdstalsval, blir valet halde som *avtaleval* etter føresegnene i kommunelova § 38a, jf. pkt. 2.1 foran. Reglane inneber ei lovfesting av den ordninga som tidligare blei kalla "fleirtalsval som forholdstalsval".

Ved avtaleval gjeld følgjande reglar:

Samrøystes vedtak

Framgangsmåten er avhengig av oppslutnad frå ei *samrøystes* forsamling. Dersom ein medlem krev forholdstalsval, må valet haldast etter dei reglane som er omtalt foran i punkt 2.5. Fleirtalet kan *ikkje* avvise eit krav om forholdstalsval.

Innstilling

Det blir lagt fram ei innstilling med forslag på kandidatar. Dette kan til dømes gjennomførast på den måten at ei valnemnd som er sett ned av kommunestyret eller fylkestinget legg fram eit forslag til personsamansetjing i formannskapet eller fylkesutvalet. Forslaget er laga på bakgrunn av ein avtale mellom gruppene i kommunestyret eller fylkestinget, der ein legg til grunn at ei gruppe får ein representasjon som svarar til forholdstalsprinsippet – eventuelt sett i samanheng med fordelinga av medlemsplassar i øvrige folkevalde organ. Innstillinga frå valnemnda skal splittast opp, slik at ein nemner medlemmer og varamedlemmer frå kvar gruppe, med parti- eller gruppenemning. Varamedlemmene blir dermed ikkje varamedlemmer for andre enn dei faste medlemmene frå vedkomande gruppe.

Røysting og valoppgjer. Kjønnsbalanse
Innstillinga må vedtakast samrøystes.

Ved forholdstalval stiller kommunelova krav om kjønnsmessig balanse *mellom kandidatane* på listeforslaga, jf. § 36 nr. 2, og *mellom dei som blir valde inn som representantar* for kvar liste, jf. § 37 nr. 3. Ved avtaleval stiller kommunelova § 38a nr. 3 krav om at det skal vere *kjønnsmessig balanse mellom dei medlemmene som blir valde, når ein ser på organet under eitt*. Dette inneber følgjande:

Der formannskapet/fylkesutvalget har *fem* medlemmer, skal *kvalt kjønn* i utgangspunktet vere representert med *minst to*. Der formannskapet/fylkesutvalget har *sju* medlemmer, skal *kvalt kjønn* i utgangspunktet vere representert med *minst tre*. Der formannskapet/fylkesutvalget har *ni* medlemmer, skal *kvalt kjønn* i utgangspunktet vere representert med *minst fire*. Der

formannskapet/fylkesutvalget har *fleire enn ni* medlemmer, skal *kvalt kjønn* i utgangspunktet vere representert med *minst 40 %*.

Formannskapet/fylkesutvalet skal ifølgje *lova* berre ha medlemmer frå kommunestyret/fylkestinget. Difor fastset kommunelova § 38a nr. 3, siste punktum, at reglane om kjønnsmessig samansetjing skal *føljast så langt det er mogeleg*. Dette inneber at krava om representasjon frå begge kjønn ikkje gjeld *absolutt* ved val til formannskap og fylkesutval. At kravet likevel gjeld *så langt det er mogeleg* medfører at ein må kvotere inn personar frå det underrepresenterte kjønn, såframt det er nokon som kan veljast, uavhengig av kva for parti eller gruppering dei representerer. Vi viser til pkt. 2.8. om utskifting av medlemmer til formannskap/fylkesutvalg etter kommuneloven § 16 nr. 2.

Reglane om kjønnsmessig balanse mellom dei som blir valde som medlemmer av formannskapet/ fylkesutvalet gjeld tilsvarande for varamedlemmene.

Innstillinga kan til dømes se ut slik når det skal veljast eit formannskap med sju medlemmer:

Medlemmer

Hans Olsen, Arbeiderpartiet Liv
Pedersen, Arbeiderpartiet Karl Nilsen,
Arbeiderpartiet

Fredrik Lange, Høyre Kristine Lund,
Høyre

Knut Fredriksen, Fremskrittspartiet

Varamedlemmer:

Trine Vik, Arbeiderpartiet Ole Andresen,
Arbeiderpartiet
Hjalmar Lunde, Arbeiderpartiet Kari Olsen,
Arbeiderpartiet Eva Nilsen, Arbeiderpartiet
Iver Ramm, Høyre Hanne Svendsen, Høyre
Richard Os, Høyre Anne Bergli, Høyre
Per Strøm, Fremskrittspartiet Frank Aakre,
Fremskrittspartiet Stein Lind,
Fremskrittspartiet

Berit Holm, Sosialistisk Venstreparti

Tone Green, Sosialistisk Venstreparti Liv
Pedersen, Sosialistisk Venstreparti Hanne
Aall, Sosialistisk Venstreparti

Her er det fire menn og tre kvinner blant medlemmene. Kravet i lova om minst tre av kvart kjønn er oppfylt. Av dei 15 varamedlemmene er det sju menn og åtte kvinner. Det følgjer av lova at det av vararepresentantane skal vere minst 40 % av kvart kjønn, av di det er 15 vararepresentantar i alt. Dette kravet er oppfylt (det er ikkje i strid med lova at eit parti har berre menn, og eit anna har berre kvinner, i gruppa av varamedlemmer).

Kan ein velje felles vararepresentantar for heile organet, når valet blir gjort som avtaleval?

Det følgjer av lova § 38a nr. 2 at innstillinga til val av folkevalde organ skal innehalde så mange namn som svarar til talet på medlemmer i organet, med nemning av den gruppa medlemmene høyrer til. I tillegg kan innstillinga innehalde så mange vararepresentantar for kvar gruppe, som svarar til det talet medlemmer gruppa skal ha, med tillegg av to.

Departementet har fått spørsmål om det er høve til å ha ei felles vararepresentantliste for heile utvalet. Vararepresentantane vil då ikkje bli knytta til ei gruppe, men vere vararepresentantar for heile organet. Ved forfall vil då den vararepresentanten som står først på lista bli kalla inn, utan omsyn til kva for gruppe som har forfall. Bakgrunnen for ei slik ordning kan vere at vil sikre større stabilitet ved at *ein* vararepresentant i realiteten blir fast møtande ved forfall.

Den ordninga som er omtala i avsnittet over svarar i realiteten til ordninga med fleirtalsval som blei oppheva i 2006, samstundes med vedtakinga av reglane om avtaleval. I forarbeida til lovendringane – Ot.prp. nr. 96 (2005 – 2006) side 60 – uttalar departementet:

"I høringsnotatet uttalte departementet:

«Dersom det blir lovfestet regler om avtalevalg, vil det etter departementets syn være lite behov for regler om tradisjonelt flertallsvalg av nemnder. Departementet foreslår ikke noen endring av bestemmelsene i kommuneloven § 35 nr. 4 og § 38 i dette høringsnotatet. Med mindre det kommer innvendinger i høringsrunden, vil imidlertid departementet vurdere å foreslå at adgangen til å velge nemnder ved «rent» flertallsvalg oppheves når odelstingsproposisjonen om endringer i kommuneloven blir lagt frem.»

Det er ikke kommet noen høringsuttalelser som går inn for å opprettholde prinsippet om flertallsvalg til folkevalgte organ. Departementet vil derfor fremme forslag om at denne valgformen oppheves som et alternativ ved valg til folkevalgte organ. Flertallsvalg som valgform skal opprettholdes når det gjelder valg av leder/nestleder til folkevalgte organer og ansettelse, jf. loven § 35 nr. 3. Denne valgformen vil være aktuell også i andre situasjoner der det er snakk om å velge enkeltrepresentanter, for eksempel som kommunens representant i et organ utenfor kommunen eller ved suppleringsvalg til folkevalgte. Gjeldende § 38 endres i samsvar med dette.

Departementet foreslår at loven § 35 nr. 4 endres, slik at valg av folkevalgte organ holdes som avtalevalg dersom ikke noe medlem av den velgende forsamlingen krever forholdsvalg. Reglene om avtalevalg foreslås tatt inn i en ny § 38 a i loven. I denne paragrafen foreslås tatt inn bestemmelsene i gjeldende § 38 nr. 2 og 3, om kjønnskvalg."

Departementet viser til dette. Vi finn at ei ordning der ein gjennomfører avtaleval med ei felles vararepresentantliste for heile organet ikkje vil vere i samsvar med reglane i lova § 38a.

6. Opprykk og nyval

Etter kommunelova § 16 nr. 1 skal varamedlem innkallast når eit medlem av formannskap eller fylkesutval har forfall til eit møte. Dersom organer er vald ved forholdstalsval, kallar ein inn varamedlem frå den gruppa der det er forfall.

Dersom eit medlem av formannskapet/fylkesutvalget går ut eller får varig forfall, skal det veljast nytt medlem, sjølv om det er velt varamedlem. Suppleringsval skal skje frå den same gruppa som den som trer ut, jf. lova § 16 nr. 3. Med gruppe meiner ein den gruppa som stiller til val av formannskap, ikke gruppe ved kommunestyrevalet. Dette gjer det mogeleg – dersom den som trer ut høyrer til ei gruppe som er basert på samarbeid mellom fleire parti ved forholdstalsval – å velje eitt nytt medlem frå det same partiet som den som går ut. Prinsippet om kjønnsmessig representasjon gjeld óg ved *utskifting* av medlemmer av formannskapet/fylkesutvalet i valperioden. Føresegner om dette er tatt inn i kommunelova § 16 nr. 3. Den nye medlemmet skal kome frå det kjønn som er underrepresentert, dersom ikkje begge kjønn vil vere representert med minst 40 % etter utskiftinga. (Lovteksten sine krav til den kjønnsmessige samansetjinga er her utforma noko annleis enn det som gjeld ved det opphavlege valet, jf. § 37 nr. 3 og punkt 1.5 ovanfor.)

Krava om representasjon av begge kjønn gjeld her i høve til *heile organet*, ikkje i høve til den einskilde gruppa.

Dette dømet kan illustrere føresegna:

Det er ni medlemmer i formannskapet: tre kvinner og seks menn. Ein mannleg representant får varig forfall, og det må haldast eit suppleringsval. Det følgjer av § 16 nr. 3 siste punktum at ein, dersom det er mogeleg, skal velje ei kvinne (frå den same gruppa som den som går ut), som blir den som går inn i formannskapet. Etter utskiftinga vil dermed formannskapet bestå av fire kvinner og fem menn.

Det følgjer av føresegna at ein representant for det underrepresenterte kjønn skal tre inn "så langt det er mulig". Reservasjonen er naudsynt fordi val av medlemmer til formannskap og fylkesutval skjer på grunnlag av lovfastsett gjennomgåande representasjon. Det vil difor kunne oppstå tilfelle der det ikke finst nokre representantar for det underrepresenterte kjønn frå den aktuelle gruppa som kan erstatte medlemmet som går ut.

Føresegnene om representasjon frå begge kjønn gjeld óg ved suppleringsval av varamedlemmer, jf. kommunelova § 16 nr. 5.

7. Retting av feil ved valet

Val av formannskap kan førast inn for fylkesmannen og val av fylkesutval kan førast inn for departementet etter reglane i kommunelova § 59. Ved ei slik lovlegheitsklage skal fylkesmannen/departementet oppheve vedtaket hvis det er gjort slike feil at det er *ugyldig*. Det vil seie at det er gjort feil som kan ha hatt innverknad på resultatet av valet.

Dersom det er på det reine at valet er ugyldig, må kommunestyret/fylkestinget på eiga hand kunne erklære valet ugyldig og halde nytt val eller valoppgjjer. Det er då ikkje naudsynt å vente på avgjerda frå fylkesmannen/departementet. Det er likevel eit vilkår at valet må reknast for heilt eller delvis *ugyldig*. Forsamlinga kan ikkje fritt gjere om eit gyldig val, til dømes fordi nokon er misnøgd med resultatet.

Eit feilaktig val skal berre kjennast ugyldig så langt det er naudsynt for å rette den feilen som er gjort, i tråd med prinsippet i vallova § 13-2 (4). Dette inneber – ved forholdstalsval – at ikkje heile valet er ugyldig, dersom listeframlegga oppfyller krava i lova til representasjon av både kjønn, men plasseringa av kandidatane på listene har ført til at samansetjinga ikke fyller krava i kommunelova § 37 nr. 3 og 4. Valoppgjjeret skal gjennomførast på nytt berre så langt det er naudsynt for å rette opp ei ulovleg kjønnsamansetjing. Dette skjer ved at ein bytter ut

overtallige representantar for det kjønnet som er overrepresentert med representantar for det andre kjønnet. Dei øvrige representantane må vere lovleg valde. Dersom eitt eller fleire listeframlegg ikkje oppfyller kravet i kommunelova § 36 nr. 2 første og andre punktum, er heile valet ugyldig og det må haldast nytt val med lovlege lister. Ved valoppgjeret må ein sjå til at gruppene får ei samansetjing som oppfyller krava i lova.

Dersom eit val blir gjennomført som avtaleval, vil det vere ugyldig dersom kjønnsamansetjinga ikke er i samsvar med krava i lova § 38a.»

Meir informasjon om reglane og bruk av høvetalsval i sakspapira til kommunestyret 12.11.2015

Sjå side 117 og 116 i innkalling

<https://www.fusa.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=201&Filld=1574>

Sjå korleis det slo ut her i røystegjevinga

<https://www.fusa.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=201&Filld=1641>